



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 10.01.2019 kl. 15:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Arne Martin Tjugum	Varamedlem

Forfall:

Terje Mork	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2019/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2019/2		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 04.12.2018	RUNE ZIENER
SR 2019/3		Skriv, meldingar og drøftingar	
SR 2019/4		Kyrkjevalet 2019. Oppnemning av nominasjonskomité. Korrigering.	RUNE ZIENER
SR 2019/5		Møteplan 2019	RUNE ZIENER
FR 2019/6		Tilbygg ved Vilnes kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2019/7		Budsjett 2019	RUNE ZIENER
SR 2019/8		Uttale i samband med ny vurdering av gudstenesteforordninga	RUNE ZIENER

Askvoll, 10.01.2019

Rune Ziener
referent

SR 2019/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SR 2019/2 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 04.12.2018

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 04.12.2018, men med slik merknad: Til M-sak 2018/37 er det ein feil i protokollen. Julegåveaksjonen gjeld innsamling til flygel i Askvoll kyrkje, ikkje Kvammen kapell.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 04.12.2018, men med slik merknad: Til M-sak 2018/37 er det ein feil i protokollen. Julegåveaksjonen gjeld innsamling til flygel i Askvoll kyrkje, ikkje Kvammen kapell.

SR 2019/3 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram, og drøftingar føreteke:

M 2019/01: Bjørgvin biskop: *Ny vurdering av gudstenesteforordninga i Bjørgvin bispedøme* (06.12.2018)

M 2019/02: Kvammen kapell - lydforhold

M 2019/03: Fondet for bedehuset Ljosheim v/S. Høydal og Ø. Helle: Gåve til Holmedal kyrkje, kr 127.000,- (04.01.2019)

M 2019/04: Referat frå møte i nominasjonskomitéen 09.01.2019

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SR 2019/4 Kyrkjevalet 2019. Oppnemning av nominasjonskomité. Korrigering.

UTGREIING

Det vert vist til vedtak i sak SR 2018/30.

I saksutgreiinga var det dessverre komt inn feil namn i forslaget frå Vilnes kyrkjelydsutval om medlem i soknerådet sin nominasjonskomité.

Korrekt namn frå Vilnes skal vere Lillian Gjervik.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd korrigerer vedtak i sak SR 2018/30, så Lillian Gjervik og ikkje Gunn E Sætre er medlem i komitéen.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd korrigerer vedtak i sak SR 2018/30, så Lillian Gjervik og ikkje Gunn E Sætre er medlem i komitéen.

SR 2019/5 Møteplan 2019

UTGREIING

Ein bør ha ein møteplan Askvoll sokneråd for 2019.

I og med at 2019 er valår, bør ein leggje møteplan fram til og med hausten.

Forslag til følgjande datoar med aktuelle saker:

Tidspunkt	Saker
Torsdag 10. januar	Budsjett 2019
Tysdag 26. februar	Vedtak av årsmelding og årsrekneskap (frist 1. mars) Uttale i samband med tilsetjing av sokneprest (frist 1. mars) Evt. fremje kandidatforslag på lek medlem i bispedømmerådet/Kyrkjemøtet
Tysdag 26. mars	Førebels ingen særskilte saker
Torsdag 2. mai	Godkjenne kandidatliste(-r) (frist 6. mai, men tidlegast 30. april etter kl 1200) Fastsetting av lokale bestemmelser om tid og stad for førehandsstemming og valting (tilrådd frist før 1. juni)
Torsdag 20. juni	Offerlister 2. halvår 2019
Torsdag 22. august	Valsaker: Oppnemning av stemmestyrer og planlegging av av organisering av gjennomføring av valtinget og opptelling (tilrådd frist 30. august, men seinast 6. september)
Mandag 9. september	Valting med opptelling. Valstyret/soknerådet må vere vedtaksført her.
Torsdag 3. oktober	Budsjettforslag 2020 og økonomiplan 2021-2023 Konstituerande møte i nyvalt sokneråd. Leiar av avtroppande sokneråd kallar inn (frist perioden 1.-31. oktober)

Sittande sokneråd fråter: 31. oktober

Nyvalt sokneråd tiltrer: 1. november

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplanen som den ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplanen som den ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

FR 2019/6 Tilbygg ved Vilnes kyrkje

UTGREIING

Det vert vist til tidlegare drøfting i sak M 2018/16 der Askvoll sokneråd ønskjer å gå vidare med alternativ 2 for ombygging av tilbygg/uthus ved Vilnes kyrkje .

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i sitt skriv (datert 23.10.2018) til soknet bedt om å få tilsendt målsette teikningar som viser korleis det nye uthuset skal sjå ut, og om det nye uthuset skil seg sterkt frå eksisterande uthus, ønskjer dei også ei visualisering av det nye uthuset sett i forhold til kyrkja og kyrkjegarden.

I og med at fleire tiltak ved Vilnes kyrkje er under planlegging, er ein også bedt om å lage ein heilskapleg plan for tiltaka i kyrkja sine omgjevnader, slik at det skal vere mogleg å gjere ei vurdering av kva påverknad desse får på kyrkja sine omgjevnader.

1. Uthus teknisk/HCWC

Ein har no fått utarbeidd detaljerte og målsette teikningar av uthus og lagerbygg. Det er forsøkt å halde uthuset så tett opp til areal på eksisterande tilbygg som mogleg, men nytt tilbygg må vere noko breiare for å få plass til teknisk rom og HCWC. Tilbygget som er føreslege er på 11,6 m².

Takform er vurdert, og det er konkludert med at eit saltak er det som vil passe best saman med kyrkja.

2. Nytt tilbygg for utereidskap

I dag nyttast delar av eksisterande uthus til lagring av utereidskap. I forslag til ny situasjonsplan er det føreslege at det vert ført opp eit nytt uthus. Tilbygget for utereidskap (13,6 m²) er føreslege oppført på eksisterande parkeringsplass.

For at ei slik løysing skal vere tilfredsstillande er det ei føresetnad at ein, før oppføring av tilbygget, får etablert ny parkeringsplass i tilknytning til kyrkje og gravplass.

3. Teknisk løysing – slokkeanlegg

Brannteknisk rådgjevar skisserer tre alternativ for automatisk slokkeanlegg:

- vanntåke
- sprinklar med oppgradert vanninnlegg
- sprinklar med tank

Val av type slokkeanlegg vil også ha innverknad på krav/plassbehov til teknisk rom, samt omfanget av nødvendig graving.

Om ein går for alternativ 2 for uthus (med teknisk rom på 6,5 m²), vil ein kunne ha plass til alle desse typene slokkeanlegg, men både vanntåkeanlegg og sprinklaranlegg med tank krev nedgravd tank, anten under tilbygget eller nedgravd utanfor kyrkjegardsmuren i aust.

Val av type slokkeanlegg kan ein komme tilbake til på eit seinare tidspunkt i samråd med brannteknisk rådgjevar, men avgjerande no er at teknisk rom som det er føreslege oppført no ikkje utelukkar nokon av desse typene anlegg.

4. Parkering

Ein har tidlegare forsøkt å få til ei utviding av eksisterande parkeringsplass, evt. nyanlegge ein ny parkeringsplass rett aust for gravplassen (ved dagens tilbygg). Ein har ikkje gått vidare på desse løysingane.

Det er no utarbeidd ei skisse der ein får 18 (12+6) nye parkeringsplassar (sjå vedlegg). Parkeringsplassane i dette forslaget kjem eit stykke ifrå kyrkja, og ligg inntil kommunal veg og privat veg litt inn i skråningane vest og sør for kyrkja. Gangavstand frå parkeringsplass til kyrkja vil med dette alternativet vere om lag 100-130 meter.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer å oppføre uthus/tilbygg slik det går fram av vedlagte teikningar, og kyrkjeverja arbeider vidare med å få godkjent slik oppføring.
2. Val av type slokkeanlegg kjem ein tilbake til seinare.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer å oppføre uthus/tilbygg slik det går fram av vedlagte teikningar, og kyrkjeverja arbeider vidare med å få godkjent slik oppføring.
2. Val av type slokkeanlegg kjem ein tilbake til seinare.

FR 2019/7 Budsjett 2019

UTGREIING

Askvoll kommunestyre har 12. desember vedteke sitt budsjett for 2019, der løyvingane til Askvoll sokn går fram. Vedteke løyvingar er i samsvar med Askvoll sokn sitt innspel og førebels budsjett.

For 2019 får ein slik løyving:

Driftstilskot:	<u>3 731 000</u>
Investeringsstilskot	<u>1 842 000</u>
(fordelt):	
<i>Holmedal kyrkje (strakstiltak)</i>	<i>62 000</i>
<i>Restaurering av kyrkjeorgel Askvoll</i>	<i>700 000</i>
<i>Askvoll kyrkjegard - driftsbygning</i>	<i>1 080 000</i>

I tillegg til dei nye prosjekta er løyvinga til tilbygg til Vilnes kyrkje teke inn igjen til realisering i 2019 (utsett frå 2018) med restløyving kr 1 960 000,-.

Soknerådet skal ved byrjinga av året (seinast ein månad etter at kommunen sin løyving er gjort kjent) vedta eit bindande budsjett.

Del 1. Investeringsbudsjett

Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning (prosjektnr. 1014)

I samband med prosjektering av utviding av Askvoll kyrkjegard er det planlagt ei ny driftsavdeling på nytt gravplassareal. På driftsavdelinga er det og planlagt driftsbygning med garasje og lagringsplass for diverse driftsmateriell. I tillegg er det planlagt santitærdel og pauserom for å gi tilfredsstillande arbeidsforhold for dei tilsette på gravplassen. Det ligg ikkje føre endeleg kostnadsrekning på prosjektet.

I budsjettforslaget er lagt inn kr 1.000.000,- i bygge- og anleggskostnad og kr 80.000,- i adm.kostnader.

Askvoll kyrkje - restaurasjon kyrkjeorgel (prosjektnr. 1012)

Kyrkjeorgelet i Askvoll kyrkje er 110 år gammalt og er i 2014 vurdert av orgelbyggar. I tilstandsvurderinga vert det sagt at orgelet er av slik handtverksmessig kvalitet at det er verdt å ta vare på. Tilstanden generelt er sagt å være «relativt ok», men vert vidare vurdert å vere «begrenset brukbart». Det er trong for diverse reparasjonar for å få orgelet funksjonelt, men det er tilrådd ei større restaurering. Ein har fått tilbod både på reparasjon (utbetring av dagens feil) og ei full restaurering med driftsgaranti for 10 år, som gir eit driftssikkert orgel for framtida.

Tilbodet frå 2014 er no oppdatert.

I tillegg til løyving frå kommunen på kr 700.000,- har ein eit bunde fond (gåvemidlar)

øyremerka orgel i Askvoll på ca kr 250.000,-.

Ein skal sikre konkurranse etter anbudsregler, og ein bør innhente fleire tilbod. For kvalitetssikring og for å få til ei reell samanlikning og vurdering av tilboda, bør ein engasjere orgelfagleg kompetanse til å bistå i prosessen. Kantor Asbjørn Flåm har sagt seg villig til å gå inn som konsulent i dette restaureringsprosjektet.

Holmedal kyrkje, rehabilitering (prosjektnr. 1013)

KA har i 2018 sett i gong eit prosjekt for å utvikle eit tilstandsanalyseverktøy, og Holmedal kyrkje var ei av tolv kyrkjer i landet som fekk tilbod om å få utarbeidd ein tilstandsrapport som del av dette arbeidet. Tilstandsrapporten viser at kyrkjebygget er i langt dårlegare stand enn ein tidlegare har kjent til, både som følgje av vedlikehaldsetterslep og setningsskadar.

Rapporten seier at det må til to strakstiltak (innan eit år, altså i 2019):

- sikring av trapp/stige til klokketårn
- nærare kontroll av bæresystem i klokketårn

Ein har fått kr 62.000,- i kommunalt investeringstilskot til å ta desse strakstiltaka.

Prosjekta 1005 Parkeringsplass Vilnes og 1009 Tilbygg Vilnes

Desse er ført opp igjen i budsjettforslaget for 2019 med opphavlege budsjettsummar frå 2018 pga. at dei ikkje vart ferdige i 2018 som forutsett.

Del 2. Driftsbudsjett

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansierte og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. trusopplæringstilskotet frå det nasjonale rettssubjektet, og diverse gaver/innsamla midlar).

I forhold til økonomiplanvedtaket er det berre små justeringar. Det er lagt inn kr 25.000,- ekstra i vedlikehalds- og utviklingsplanen til restaurasjon av lysekronene i Askvoll kyrkje. Det er også lagt inn kr 15.000,- i sjukelønnsrefusjon som ikkje var med i økonomiplanvedtaket.

Framleis veit ein ikkje om ein vil få tilskot til å gjennomføre kyrkjevalet, men det er lagt inn som føresetnad i forslaget.

Hovudoppsett forvaltning (funksj. 04100-04300)	
<i>Utgifter:</i>	
Lønn og sosiale utgifter	2710700
Kjøp av varer og tenester	996700
VU-plan	122600
Refusjonar og overføringar	119000
Utgifter til kyrkjevalet	40000
Sum utgift	<u>3989000</u>
<i>Inntekter:</i>	
Brukarbetaling, sal, avgifter	-95000
Refusjonar og overføringar	-78000
Rammetilskot eigen kommune	-3731000
Andre tilskot og gåver	-45000
Tilskot kyrkjevalet	-40000
Sum inntekt	<u>-3989000</u>
Differanse	0

VU-plan 2019	
Tiltak	Stip/kostnad
Vatningsløysing Gjelsvik	25000
Vatningsløysing Vågane	25000
Uforutsett	47600
Lysekroner Askvoll	25000
Sum	<u>122600</u>

04400 Anna kyrkjeleg verksemd

Delbudsjettet er her i balanse. Her ligg kyrkjeofringar til andre og til eiga arbeid, samt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Utgifter til kyrkjelydsarbeid kr 10.000,- er finansiert av offer til eige arbeid.

04432 Trusopplæring

Delbudsjettet er her i balanse. Det er budsjettert med framleis vakanse i trusopplæringsstillinga, men med ein utlysingsrunde også i 2019. Det er også budsjettert med ein 20% sekretærressurs brukt til å administrere trusopplæringsarbeidet, som vert overført internt til funksjon 04100, kyrkjeleg administrasjon.

Tiltak som ligg inne er utgifter til konfirmantopplegget (leir og nattcup), samt kostnad til å leige inn teatergruppa «Kirkerottene» i mars i samarbeid med Fjaler sokn.

Det er forventa trekk i tilskotet til trusopplæring også i 2019.

04479 Kyrkjeblad

Delbudsjettet er her i balanse. Det er budsjettert med tre utgivelser av kyrkjebladet også i 2019, finansiert med bladpengar, annonsesal og kyrkjeofringar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek drifts- og investeringsbudsjett for 2019 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

MØTEHANDSAMING

Jostein Gryte sette fram forslag om eit vedtakspunkt 2:

Ein nyttar restmidlar i orgelfondet for Kvammen kapell til å betre lydforholda i kapellet, jf. drøftingssak M 2019/02.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek drifts- og investeringsbudsjett for 2019 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

2. Ein nyttar restmidlar i orgelfondet for Kvammen kapell til å betre lydforholda i kapellet, jf. drøftingssak M 2019/02.

SR 2019/8 Uttale i samband med ny vurdering av gudstenesteforordninga

UTGREIING

Saka var lagt fram som drøftingssak, men under drøftinga vart det beslutta at soknerådet ville gje ein uttale i samband med gjennomgangen av gudstenesteforordninga.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

Askvoll sokneråd har slik uttale i samband med gjennomgangen av gudstenesteforordninga:

Vi ønskjer at gudstenestetallet i Askvoll vert oppretthalde på nokon lunde samme nivå som i dag, med ein slik struktur:

- Askvoll kyrkje: 2 gonger pr. måned
 - Holmedal, Kvammen, Vilnes og Bulandet: 1 gong pr. måned kvar av desse gudstenestestadene
- Totalt 72 gudstenester pr. år.

Ein treng såleis å få tilført presteressurs utanfrå til om lag 17 gudstenester pr. år.

Høgtidsdagar:

- Gudsteneste i Askvoll kyrkje alle 1.-dagane
- Gudsteneste i Askvoll og Holmedal kyrkje 17. mai
- Ønskjer variasjon for kvar det er gudsteneste dei andre kyrkjene på dei andre høgtidsdagane; Skjærtorsdag, Langfredag, Kr. Himmelfartsdag